

Referat styremøte Hjelmeland bygdekvinnelag 06.05.2026

Tilstede: Kirsten Langvik, Anne Kari Skogerbø, Brit Sæbø og Gunn Hausken

Forfall: Mona Kleppa, Janneke Wijgergangs, Kirsti Flatø

Sted: Det grønne rommet, kommunehuset

Sak 2026/17

Ryfest

Ønskjer å ha kafe helst i Grøna rommet, alternativ er Spinneriet – sal av vaffler og kaffe. Dersom me har stand (på dei vilkåra me spør om nedanfor) så kan me høyre med medlemmer om nokon kan vere med på kafeen ei stund. Konkret og avgrensa dugnadsarbeid.

Festivalleiiing har spurt etter demo/kurs av tradisjon – baking eller handarbeid.

Me kan demo av baking av saupskoltar. Brit kan demonstrert slik takkebakst, mellom kl 11.00 – 12.00. Og så kan me selje det som blei laga på demoen etterpå.

Me kan ha saupskoltar dersom bedehuset ikkje har stand der dei har kaffi og saupskoltar. Bedehuset har tradisjon for å ha stand med saupskoltar mm. Dersom dei skal ha slik stand i år, kan ikkje me øydelegge for dei.

Men dersom bedehuset (eller andre) ikkje skal ha saupskoltar så kan me ha demo. Om bedehuset skal ha stand må Heidi Netland Berge vite når ho får påmeldingar. Janneke sjekkar med Heidi.

Kan me har Grøna rommet, evt Spinneriet gratis til kafe då, viss me har demo av tradisjonsbakst den 1 timen?

Me har ikkje råd til å betale dyr standleige og har lite inntekter.

Janneke sjekkar med festivalleiiinga.

Sak 2026/18

Hautprogrammet:

August: 21-30 august- verveuke

September:

Trygve Brandal fortellerkveld

Me ønskjer at han fortel om fruktdyrking – historisk og fram til i dag i Hjelmeland (Ryfylke).

Tidspunkt – etter Ryfest. Me ber Trygve kome med forslag til datoar han kan i september, og så vel me ein av dei.

Sjekke med kommunen sin kalender kva som skjer for å prøve å unngå kollisjon.

26. september pop Up cafe saman med kommunen.

Oktober:

22.oktober Årsmøte på biblioteket – bokkveld,. Serverer kveldsmat i grøna rommet etterpå – må ha ein matkomite. Kjem tilbake til det på neste styremøte.

31.10.26 popUp cafe i samarbeid med kommunen.

Beredskapsveke 26.10.-1.11

Me har ikkje planlagt eller bestemt noko. Her kjem kanskje noko frå kommunen/beredskapsrådet, eller frå Norges bygdekvinnelag?

På programoversikten kan me berre setje opp at det er beredskapsveke, og ikkje meir detaljar nå?

Aktivitet i november – Syltekveld 4.11 – Spinneriet (evt. skulekjøkken ny Hjelmeland skule)

Me viser sylting av raudbetar, raudløk, graskar og plommer.

Viser korleis gjere, folk sjå på, men alle får ikkje lage alt.

Kan evt spør nokon medlemmer om å vise ei av syltingane? Engasjere medlemmer og, ikkje berre styret. Er det nokon som er van med å sylte graskar?

Desember:

Julemøte 9.12

Kan styret bestemme kvar me skal vere? Treng ikkje vente til komiteen er innkalla?

Ønskjer aller helst å ha det på

1. Smaken av Ryfylke. Kan dei ha buffet, i staden for tallerkenrett?

Tenke middag og dessert. Treng ikkje kaker.

Alternativa er Furutangen eller Helgøy. Kjekke plasser, men litt lengre frå Hjelmeland, som er komite. Tidlegare har det vore Spinneriet. Me vil heller kjøpe middag ein stad enn å lage sjølv. Difor prioriterer andre lokalitetar.

Kven av medlemmene soknar til Hjelmeland og er aktuelle for julemøtekomite? Må sjekke medlemsliste.

Kan me bestemmer kvar me skal ha julemøte på neste styremøte, eller er det for lenge til?

Kan ein evt sjekke ut med Smaken av Ryfylke om dei har buffé til lukka selskap, før me bestemmer kvar me skal vere, før neste styremøte.

Sak 2026/19

Eventuelt:

Går litt i minus på Liv og lagnad Vigatunet. Venter på refusjon fra ryfylkemuseet.

Fått konto på ekstra – oppgi Bygekvinnelaget og merk med ditt navn.

Neste styremøte – som tidlegare avtalt 26.08. kl 19.00 i Grøna rommet på kommunehuset.